

## Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 16.09.2014

Representanten **Dan Femoen** sette fram følgjande endringsforslag:

«Nytt i pkt. 4: Utdanningsprogram for *visuell* kunst, design og arkitektur»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke saman med endringsforslaget frå Dan Femoen.

### INNSTILLING

1	Fag- og timefordelinga i det eksisterande programområdet for formgjevingsfag bør behaldast i det nye, studieførebuande tilbodet. Denne fag- og timefordelinga vil gje elevane både generell studiekompetanse og ei fagleg fordjuping som mellom anna gjer det mogleg for elevane å kvalifisera seg til høgare arkitekt- og designstudium med spesifikke fagkrav.
2	Dei felles programfaga <i>Visuelle kunstoffag 1, 2 og 3</i> og <i>Design og arkitektur 1, 2 og 3</i> i det eksisterande programområdet for formgjevingsfag bør behaldast i det nye, studieførebuande tilbodet. Dei dekkjer det faglege innhaldet som skal vektleggjast.
3	<i>Film</i> og eit <i>fordjupingsemne på Vg3</i> bør opprettast som nye, valfrie programfag i det nye studieførebuande tilbodet.
4	Namn på det nye, studieførebuande tilbodet bør vere <i>Utdanningsprogram for visuell kunst, design og arkitektur</i> . Namneforslaget synleggjer på ein god måte hovudområda i utdanningsprogrammet og viser at dette er ein veg inn i høgare kunst-, arkitekt og designstudium.